



Arkivnr: 2014/1230-50

Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafiksikringsutvalet i Hordaland		03.12.2014

Søknad om tilskot til Ettertankens dag – Hordaland 2015

Samandrag

Ettertankens dag Hordaland søker om tilskot til arrangementet *Ettertankens dag – Hordaland 2015*, den 18. januar 2015. Dette er eit årleg arrangement der alle pårørande og etterlatte etter omkomne i Hordaland det siste året (2014) vert invitert til ei minnemarkering. Det vert søkt om støtte på 90.856,- kr til arrangementet.

Forslag til vedtak

Ettertankens dag – Hordaland 2015 vert tildelt tilskot på 90.856 kr arrangementet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.11.2014

Bakgrunn

Ettertankens dag Hordaland søker om tilskot til arrangementet *Ettertankens dag – Hordaland 2015*, den 18. januar 2015. Dette er eit årleg arrangement der alle pårørende og etterlatne etter omkomne i Hordaland det siste året (2014) vert invitert til ei minnemarkering. Det vert søkt om støtte på 90.856,- kr til arrangementet.

Om arrangementet

Arrangementet er eit samarbeidsprosjekt mellom 15 ulike etatar og organisasjonar i Hordaland. Dette er eit årleg arrangement, og same type minnemarkeringar vert og gjennomført i dei andre fylka i Noreg.

Som det går fram av søknaden er arrangementet todelt. Fyrst ei samling der pårørende, inviterte og samarbeidspartnarar møtes til eit måltid. Deretter er det ei minnemarkering i kyrkja, og denne delen av arrangementet er ope for alle.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Ønske bak ei slik samling er å på ein konkret måte vise dei pårørende og etterlatne at ein står saman med dei i sorga, og fylkesrådmannen ser dette arrangementet som er ein viktig del av det totale trafikksikringsarbeidet i fylket. Ut frå dette stør difor fylkesrådmannen oppunder arrangementet, og rår til at *Ettertanken dag - Hordaland* får tildelt 90.856,- kr i tilskot.